



Tingvoll, 20.4.2023

Møre og Romsdal fylkeskommune
post@mrfylke.no

Klage - Løyve til akvakultur av matfisk av torsk (Gadus morhua) på akvakulturlokalitet 45169 Dysjaneset i Sande kommune

Dykkar ref. 2021/27532 - 17010/2023

Naturvernforbundet klagar på vedtaket om konsesjon 27.3.2023. Vi meiner det er gjort feil ved vurderingane av føresetnadene i saka. Vedtaket må gjerast om til avslag.

Vi blei kjent med konsesjonsvedtaket gjennom oppslag i pressa 31.3.2023, og har etter innsynskrav 1.4. fått tilsendt dokument i saka 11.4.2023.

Føresetnad for konsesjon

Fylkeskommunen seier om grunnlaget for å gje konsesjon (Side 8 i konsesjonsdokumentet):
«Vi legg til grunn at Ode AS driv anlegget på ein slik måte at det blir minst mogleg påverknad på vill torsk i området.»

Ode, på søknadstidspunktet Gadus, presenterer sin evne i dokumentet *«Gadus Group AS sine vurderinger av risiko for påvirkning av villtorsk fra oppdrettsanlegg – Dysjaneset, Sande kommune.»*

Dokumentet omhandlar mellom anna

a. Gyting i merd unngår ein med lysstyring

Eit liknande anlegg i Meløy kommune i Nordland med tilsvarande fisk har ikkje klart å unngå gyting i merd med lysstyring. Når Norcod ikkje har fått det til, reknar vi det som udokumentert at Ode får dette til. Inntil vidare bør ein ikkje ta påstanden frå søkjar som eit faktum.

b. Mengde og kvalitet på egg

Ved anlegget i Meløy er det påvist befrukta rogn av oppdretta opphav utanfor nærområdet til liknande torskeanlegg. Inntil vidare bør ein legge til grunn at kvalitet og mengde på egg ikkje representerer ein barriere.

c. Tidspunkt for gyting – samfall med naturleg gyting

Fisk som har kome seg ut av merda og lysregimet vil venteleg bli påverka av naturleg årstidsvariasjon med omsyn til lys, og kan vel då venteleg bli synkrone med vill torsk.

d. Overleving til kjønnsmoden alder

Tamtorsk som kjem seg på utsida av merda vil i varierende grad opphalde seg nær merda eller symje til andre stader. Ein del av fisken må ein rekne vil overleve på pellets og det dei elles måtte finne til dei har vore i sjøen lenge nok til å kunne overleve på vill mat. Då vil dei før eller seinare nå område der det er vill torsk.

e. Det blir bruka nøter utan ender som torsken kan nappe i

Nøtene på Ode sitt anlegg ved Alida hadde ein produksjonsfeil som gjorde at det blei hol i 3 av merdene etter eit halvår i sjøen. Den spesielle kvaliteten kan ikkje leggst til grunn for at det ikkje blir rømming.

f. Torsken er no i større grad domestisert og ikkje så ivrig på å rømme.

Rømminga ved Alida viste at dette ikkje er tilfelle i så stor grad at ein kan legge vekt på det.

g. Internkontrollsystemet hindrar problem.

Ved Alida var det fiskarar som oppdaga rømminga før Ode visste noko. Norcod veit ikkje korleis fisk har rømt frå dei. Internkontrollsystema er i alle fall ikkje gode nok til å hindre uheldige verknader på vill torsk.

Generelt gjeld at svikt på desse punkta ikkje kan utelukkast på den måten som Ode har sagt i dokumentet.

Punktet kryssing mellom vill og tam torsk har ein vel ikkje dokumentert no, men det vil uansett ta litt meir tid. Det er ingen grunn til å tru at slik kryssing ikkje vil skje, ut frå føresetnadene elles.

Ein kan på grunnlag av dette slå fast at Ode sine lovnader for at tam torsk ikkje kan blande seg med vill torsk har slått feil, anten ved at dei sjølv eller andre i næringa har prova det. Det som i utgangspunktet var sagt ikkje kunne skje, det har skjedd.

Minst mogleg påverknad av den ville torsken er i dette høvet stor påverknad, eigna til at ein får ei genetisk innblanding som er totalt øydeleggande.


Ode talar om ein risiko som er liten og kan ignoreras. Sanninga er vel at det finst ein teoretisk moglegheit for at tamtorsk ikkje blandar seg med vill torsk, men moglegheita er ørliten og kan sjåast heilt bort i frå.

Vill torsk

Det har alt vore eit rømmingstilfelle som ein må rekne med vil påverke villfiskbestanden på delar av Sunnmøre. Det er gjeve konsesjon i Vestnes og i Aure som gjer at den same påverkinga kan skje i Romsdal og på Nordmøre.

Sjølv om tilrådingar seier at det er viktigare å verne om dei ville torskebestandane innover i fjordane, så er det no ein risiko for at desse torskebestandane kan bli blanda med tamtorsk. Då må ein sikre at villfiskbestandane lenger ut mot havet ikkje blir råka av dette.

Verneområde



X Omsøkte lokalitet.

1 Tungevåg NR: Trekk- og overvintringslokalitet for våtmarksfugl.

2 Stad (Del av stort areal): Forslag til marint verneområde.

3 Eggholmane - Lisjeholmen NR: Viktig hekkeområde

4 Ristesundsanden NR: Sanddyner

5 Riste NR: viktig hekkeområde

6 Voksaholmane NR: Dyre- og fugleliv

7 Storevika NR: Marint gruntvassområde hovudsakleg på finsandsubstrat. Viktig raste- og overvintringsplass.

8 Sandsvågen NR: Rasteplass og overvintringslokalitet.

9 Nupafjellet NR: Viktig hekkelokalitet for sjøfuglane

Sjøfugl

Mange av verneområda har med sjøfugl å gjere. Fylkeskommunen gjer eit forsøk på å seie at lokaliteten har lite å seie for hekking og matsøk. Sjøfugl er generelt så utsett for tilbakegang at all negativ påverknad tel og er viktig. Statsforvaltaren har ein annan fagleg bakgrunn enn fylkeskommunen i dette spørsmålet.

Sjølv om området er klarert for akvakultur, så er det forskjell på ulike typar akvakultur. Denne lokaliteten bør ikkje brukast til torskeoppdrett, men kunne moglegvis ha vore nytta til havbeite for hummar og liknande, av omsyn til sjøfuglane. Vi viser elles til kva Statsforvaltaren seier i si fråsegn til saka om dette spørsmålet: «Statsforvaltaren har 16.11.2022 også gitt uttale om naturvern-, friluft-, fiske-, og viltinteresser. Dei skriv at eit oppdrettsanlegg her vil verke negativt inn på overlevinga til

raudlista fuglar ved å legge beslag på viktige areal for næringssøk. Dei meiner at området sin verdi for trua fugleartar er så viktig at fylkeskommunen må gi avslag på søknaden.»

Hubro (EN)

Statsforvaltaren melder at hubro kan bruke dette området. Det kan tenkjast at hubro kan setje seg fast i anlegget. Fylkeskommunen har i si avgjerd ikkje drøfta om ein slik risiko vil gå ut over 1 av 100 hubroar, eller om det kanskje kan vere den siste hubroen i eit større område som i tilfelle kan bøte med livet. Dette er ein klar mangel i vurderinga etter naturmangfaldlova.

Det er gjort nokre økonomiske vurderingar som grunnlag for løyve. På Hitra førte ein hubro til at vegen ikkje fekk løyve. Alternativ trase ville ha ein meirkostnad på opp mot 100 millionar kroner.¹

Viss ein først skal rekne på fordelar og ulempe i ei sak med hubro, så må ein legge inn verdi på minst 100 millionar kroner pr. hubrolokalitet.

Høyringa

Det er opplyst at denne saka har vore på høyring i Sande kommune. Etter ei registreringsrunde på nyåret 2022 over torskesøknader var vi klar over at det fanst ein søknad. Vi sjekka Sande kommune si nettside fleire gongar og spurde etter saka utan at vi oppdaga høyringssaka. Vi skal ikkje påstå at saka ikkje har vore på høyring, men berre opplyse at alminneleg opplyste folk, som mellom anna fylkessekretær i Naturvernforbundet, ikkje fann ut av dette. Det bør høyringsansvarleg ta som ei tilbakemelding. Vi ser at andre ser ut til å ha vore utsett for det same. Viss høyringsprosessen har vore ueigna, så kan ikkje fylkeskommunen slå seg til ro med at saka har vore lagt ut ein stad folk ikkje finn han, eller kva det no har vore.

Risiko

Det siste året er det tildelt ein handfull konsesjonar for torskeoppdrett i Møre og Romsdal. Det er lagt til grunn at ny oppdrettstorsk ikkje rømmer og ikkje gyter, og at verksemda dermed representerer ein minimal risiko for at noko gale vil skje.

Vi har i løpet av kort tid lagt merke til at meir enn 80000 torsk fann nokre hol i dei ekstra gode nøtene som blei bruka ved Alida i Volda. I alle fall ein del av fiskane har mjølke sjølv om Gadus seier at dei styrer dette med lys, slik at dei ikkje skal gyte før om eit år, tidlegast.

Kva som skjer med hofisken som no er utanfor merdene er uvisst. Kor mange av dei lever i havet om eitt år? Vi har spurd Gadus om det. Vi har fått eit munnleg svar med lange setningar. Det går i retning av at ingen kan vite noko sikkert og derfor er det umogleg å svare, og ein må vente til ting blir undersøkt meir. Det er eit greitt nok svar så lenge det ikkje blir sleppt tam torsk i sjøen, så lenge det er statusen.

At egg frå gyting i merda kan bli befrukta av villfisk skal vere uklart, men det treng vi ikkje vite sikkert så lenge torsken som ikkje skulle klare seg utanfor nota sjølv ser ut til å finne fram til førekomstar med vill torsk. Då står det berre att å sjå om dei er der om eitt år. Når så mykje anna ikkje er som torskeoppdrettsnæringa seier, så trur vi at forsikringane frå næringa om at tamtorsken døyir utanfor merdene heller ikkje kan reknast som nokon garanti.

¹ <https://www.nrk.no/trondelag/hubroen-stopper-veiplaner-pa-hitra-1.7209686>

Når det er fjordfiskararar og ikkje verksemda sjølv som oppdagar at fisken rømmer, og det same skjer ved Meløy i Nordland, så må vi registrere at svært mange av føresetnadene som låg til grunn i søknadene viser seg ikkje å stemme.

E24 opplyser den 19.2.2023² at Nordcod som driv med torskeoppdrett ved Meløy i Nordland ikkje har funne nokon grunn til at torsk kan rømme frå deira anlegg. Det må jo tyde at torsk lik den tamme anten må ha svømt mykje lenger, eller rømt frå nokon som ikkje har løyve til å ha tamtorsk i sjøen om det då ikkje er frå Norcod. For oss er det ikkje nødvendig å finne årsaka. Så lenge næringa har så dårleg kontroll, må ein slutte med å setje torsk i merder og slutte å gje konsesjonar.

Det blir sagt i konsesjonsvedtaket at ein har for liten kunnskap om torskeoppdrett. T.d. dette: *«Det kan ikkje avvisast at den ordinære drifta av akvakulturanlegg og utslepp av organisk materiale kan påverke gyte- og oppvekstområde for vill torsk, men kunnskapen om dette er mangelfull.»* Det ser ut som det er greitt å køyre på sidan ein ikkje veit. Dette er motsett prinsipp av det som skal praktiserast. Ein skal ikkje prøve ut nye metodar i stor skala. Det har rømt nok fisk til at ein har nok å forske på dei neste ti åra, utan at det blir gjeve nye konsesjonar.

Vi merker oss at Fiskeridirektoratet viser til eit noko usikkert kunnskapsgrunnlag i saka, slik attgjeve i konsesjonsdokumentet: *«Fiskeridirektoratet skriv at dei ser det som usikkert i kva grad og korleis ei etablering av eit akvakulturanlegg for torsk på lokalitet Dysjaneset eventuelt kan påverke vill torsk, nærliggande gytefelt og gyteområde for torsk, og eventuelle oppvekst- og beiteområde for torsk. Dei ber om at dette blir vurdert særskilt av fylkeskommunen som vedtaksmyndigheit, jf. naturmangfaldslova §§ 7–12.»*

Fylkeskommunen har ei litt anna tilnærming til dette: *«Fylkeskommunen anerkjenner at rømt oppdrettstorsk vil utgjere ein risiko og nærliggande gytefelt ligg innafor svømmeavstand frå den omsøkte lokaliteten. Etter ei samla vurdering, der vi også har vektlagt Ode AS sine reviderte tiltak med overvaking med ROV, ekstra sterke nøter og fokus på unngå lause delar for å hindre torsken i å bite på nota, meiner vi at fordelane med å gi løyve på lokaliteten Dysjaneset er større enn ulempa som risiko for rømt oppdrettstorsk utgjør.»*

Fylkeskommunen oppsummerar: *«Saka vert sett på som tilstrekkeleg opplyst, og føre-var-prinsippet blir ikkje tatt i bruk, jf. § 9 føre-var-prinsippet.»*

Det blir nemnt at påverkinga av vill torsk vil bli større jo meir tamtorsk som blir sett i sjøen. No er det eit faktum at ein har hatt ei stor rømning frå lokalitet Alida i Volda. Det må tyde at ein allereie har bruka opp veldig mykje av «kvota» på tamtorsk som kan sleppast i sjøen før det påverkar mykje.

Vidare i konsesjonsdokumentet: *«Fylkeskommunen anerkjenner at rømt oppdrettstorsk vil utgjere ein risiko og nærliggande gytefelt ligg innafor svømmeavstand frå den omsøkte lokaliteten. Etter ei samla vurdering, der vi også har vektlagt Ode AS sine reviderte tiltak med overvaking med ROV, ekstra sterke nøter og fokus på unngå lause delar for å hindre torsken i å bite på nota, meiner vi at fordelane med å gi løyve på lokaliteten Dysjaneset er større enn ulempa som risiko for rømt oppdrettstorsk utgjør.»*

Vidare: *«Fylkeskommunen si vurdering er at det er mogleg at eit nytt oppdrettsanlegg for torsk i fjorden kan føre til endring i gytevandringa for vill torsk, men at det ikkje grunnlag for å avslå*

² <https://e24.no/hav-og-sjoemat/i/WRoMrd/norcod-aner-ikke-hvordan-oppdrettstorsken-har-roemt?referer=https%3A%2F%2Fwww.vg.no>

søknaden og at risikoen er akseptabel for mogleg påverknad på vandringsmønster.» Igjen er det usikkerheit, og det kjem ikkje den ville torsken til gode.

Fylkeskommunen har ein grenselaus tillit til Ode og tillet seg på naturen sine vegne å la det stå til:
«Saman med dei risikoreduserande tiltaka Ode AS legg fram for gyting i merd og rømt oppdrettstorsk, er vår vurdering at tiltaket er miljømessig forsvarleg og at risikoen ved å gi løyve til akvakultur for torsk på den omsøkte lokaliteten er akseptabel.»

Vi sleit med tilliten til Gadus alt då vi las vedlegga til søknadene rundt om. Etter det har alt blitt endå verre. Rømminga av torsk på Sunnmøre hausten 2022 gjer at kysttorsken blir utsett for den påverknaden ein frykta. Tida er no inne for å legge på bremsen, slik at ein ikkje risikerer endå meir av det same.

Fylkeskommunen si vurdering av risiko og kva som er fordel og ulempe er uholdbar. Å utrydde bestandar av vill torsk vil alltid representere ei ulempe som er større enn fordelene med oppdrettsverksemd.

Konklusjon

Torskeoppdrettarane har sjølv prova at tam torsk rømmer og at nye og betre nøter ikkje er sikre. Fjordfiskarane har påvist at tam torsk i havet kan blande seg med ville torskebestandar og i alle fall hannfisk ser ut til å kunne gyte der det er vill torsk. Heilt vesentlege føresetnader for konsesjonen er ikkje til stades.

Krav om oppsetjande verknad av klaga

Rømminga av torsk ved Alida i Volda viser at det kan oppstå irreversibel verknad alt ved at det blir sleppt fisk i merda, lenge før klaga er avgjort. Vi bed difor om at klaga får oppsetjande verknad.

Når saka blir klagehandsama tykkjer vi det kan vere på sin plass å få vurdert denne sakshandsaminga mot grunnlova § 112.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær